

Område	Mål	Tiltak	Ferdig	Pågåande	Ikkje byrja	Kommentar	Frist	
Opplæring og helse	<b>1. Studierettleiingstenesta og rådgivingstenesta i fylket bør betrast gjennom mellom anna innføring av samkjørt studierettleiingsteneste, anonym rådgivarevaluering, og/eller ein rådgivingsteneste der alle elevar vert kalla inn til rådgiving for vidare studieval.</b>  <b>2. Tilbakemelding frå elevar i den vidaregåande skulen er særskilt viktig.</b>	UFU bør fremja eit forslag til Opplæringsavdelinga om at talet rådgivarar, samt deira stillingsprosent og tilgjengelegheit, skal reflektere talet elevar ved skulen dei er rådgivar på. Uavhengig av elevtalet bør skulane ha ein rådgivar med minimum 70% stilling. UFU skal og fremja eit forslag om dette i budsjettet for 2016.						
		UFU skal ved trong ta kontakt med politikarar for å ta sakene vidare i Opplæring- og helseutvalet.						
		UFU skal arbeide for at alle elevar i vidaregåande opplæring anonymt skal evaluere undervisningsei-genskapane til alle sine faqlærarar i løpet av skuleåret.						
		UFU skal arbeide for at klagerett på vurdering av førstetermin bør vidareførast og innførast på skular der dette ikkje allereie fins.						
		UFU skal arbeide for innføring av klagerett ved munnleg eksamen.						
		UFU skal jobbe for at det skal innførast prøveundervisningsperiodar i samanheng med tilsetjing av nye lærarar i den vidaregåande skulen. Ved slutten av perioden skal elevane få mogeligheita til å evaluere læraren.						
		<b>3. Det skal ikkje leggjast opp til utgifter for den enkelte elev i opplæringa som går utover det eit grunnstipendstipend dekkjer.</b>	UFU skal ta saka vidare til politikarane dersom det er aktuelt.					
			UFU går imot kopi- og utskriftsavgift ved vidaregåande skular.					

	UFU skal arbeide for at alt naudsynt skulemateriell vert dekkja av grunnstipendet.						
4. Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet/studiestaden.	UFU skal arbeide for at dersom ei endring i utdanningstilbodet førekjem skal Hordaland fylkeskommune kontakte dei aktuelle elevane det går utover og ta deira meining med i sakshandsaminga.						
	UFU skal arbeide for at dei vidaregåande skulane skal oppretthalde eit godt tilbod for ungdom i vidaregåande opplæring, med særskilt fokus på at distriktsskulane skal bestå.						
5. Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.	UFU skal arbeide for å opprette eit elev- og lærlingombod. UFU kan søkje å samarbeide med Elevor-ganisasjonen for å formulere eit forslag til korleis det kan gjerast og å spele det inn som eit forslag til budsjettet.						
	UFU bør jobbe for å sikre at elevane som går på skular som baserer seg på nettbaserte bøker og læringsplattformer får tilbod om lærebøker i alle fag.						
	UFU skal arbeide for at tilbodet om innføringsklassar i den vidaregåande skulen skal dekkje behovet.						
6. Fråværsreglementet skal praktiserast likt for alle elevar ved vidaregåande skular i Hordaland. Lovlig grunn for fråvær skal vere rimeleg i samband med elevane sin kvardag.	UFU skal jobbe for at alle elevar og lærarar ved dei vidaregåande skulane i fylket skal vere opplyst om, og følgje, gjeldande fråværsreglement vedtatt av fylket, samt at praktiseringa av reglementet skal vere lik for alle.						
Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg for ungdom i fylket.	UFU skal arbeide for at bruk av tannhelsetenestene ikkje skal medføre store ulemper for ungdom i fylket, slik som til dømes lang reisetid og høge prisar.						
	UFU skal arbeide for at endringar i klinikkstruktur skal skje på et grunnlag som betrar tilbodet for ungdom.						

	UFU skal jobbe for å utvide gratis tannhelseteneste ut året ein fyller 20 år, og utvide rabattordninga til fylte 25 år.					
<b>8. Dei vidaregåande skulane i fylket skal leggje til rette for sunne matvanar blant ungdom</b>	UFU skal gå i dialog med opplæringsavdelinga og samarbeide med dei om utviklinga av planen for sunnare mat i kantinene ved vidaregåande skuler i Hordaland.					
	UFU skal be om plass i arbeidsgruppa som skal arbeide med sunnare mat i kantiner ved vidaregåande skuler.					
	UFU skal aktivt arbeide for at sunnare mat er et punkt i folkehelseplanen når den kommer på rulling.					
	UFU skal arbeide for meir frukt i skulen og tilbod om gratis skulefrukt.					
<b>9. God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.</b>	UFU skal aktivt jobbe for at det skal gis fleire midlar til helsesøsterordninga og skulepsykologar, og at miljøterapeutar skal ha 100% stillingar.					
	UFU skal arbeide for at deler av midlane som gis helsesøstrer, skolepsykologar og miljøarbeidarar skal øyremerkes til førebyggjande tiltak.					
	UFU skal arbeide for at det skal fastsettas at alle helsesøstrer skal ha minst 2 årlige samtaler/presentasjonar for kvar klasse der det blir gjennomgått tiltak som enkeltungdom kan gjøre for å betre eigen helse.					
	UFU skal arbeide for at det skal opplyst om den psykiske helsa til lhbt-ungdom, og ha eit fokus på å fremje god psykisk helse blant denne gruppa.					
<b>10. Det bør leggjast betre til rette for alternativ undervisning i dei vidaregåande skulane i fylket.</b>	UFU skal be om ein orientering om tiltaket omvendt undervisning frå andre fylkeskommunar og relevante aktørar.					

		UFU bør fremja eit forslag til Opplæringsavdelinga om ei prøveordning med omvendt undervisning eller anna alternativ undervisning.						
	<b>11. God fysisk helse blant ungdom i fylket bør fremjast gjennom meir fysisk aktivitet i den vidare-gående skulen.</b>	UFU skal be om ei orientering fra Opplæringsavdelinga angående mogeligheitene for meir fysisk aktivitet i skulen.						
		UFU skal søkje samarbeid med andre fylke for å auke timetalet for faget kroppsøving.						
Kultur og ressurs	<b>1. Folkehelse er eit viktig aspekt for unge, og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylket får innspel frå ungdom sine perspektiv.</b>	UFU skal føreslå førebyggjande tiltak mot rusmisbruk blant unge i fylket til folkehelseplanen.						
		UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle skular skal tilby eit sunt mat- og drikketilbod.						
		UFU skal føreslå innføring av skulefrukt i vidaregåande skule til folkehelseplanen.						
		UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular i fylket blir pålagt å utarbeide ein plan mot mobbing, i samarbeid med skulen sine elever.						
		UFU skal aktivt jobbe for å få hjartestartarar ved alle vidaregåande skuler i Hordaland gjennom mellom anna dialog med Røde kors.						
	<b>Kulturtilbodet til ungdom skal halde fram og forbetrast.</b>	UFU skal bidra til at HFKopp og tilboda det gir skal halde fram og utvidast gjennom samarbeid med Kulturavdelinga.						
UFU skal jobbe for at det blir fleire kulturtilbod i skulen.								
UFU kan samarbeide med fylkeskommunen om å styrke, modernisere og gjere museum meir attraktive for ungdom								

		UFU skal jobbe for at Hordaland fylkeskommune gjennom HFKopp skal gi ungdom i Hordaland billigare tilbod på aktivitetar og rabattar på for eksempel offentlege symjehallar og store idrettsarrangement.					
	<b>3. Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.</b>	UFU skal kome med uttale til Klimaplanen når den rullerast kvart år.					
		UFU skal vere ein aktiv deltakar i Klimarådet.					
		UFU skal arbeide for meir miljøvennlige fylkeskommunale bygg, med særlig fokus på vidaregåande skular.					
	<b>4. Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom.</b>	UFU bør samarbeide med fylkesbibliotekaren for å fremje meir ungdomsvennlige bibliotek.					
		UFU bør jobbe for at biblioteka blir meir tilpassa ungdom, særskilt ungdom som treng ressursar som grupperom til skulearbeid.					
	<b>5. Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengelig for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.</b>	UFU skal føreslå ein auka post i budsjettet til dette.					
Samferdsel	<b>1. Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.</b>	UFU meiner at prisen på ungdomskort ikkje bør overskride 45% av pris for periodeskyss for vaksne per måned.					
		UFU skal jobbe for at det skal vere studentrabatt på all kollektivtransport i fylket, samt at den skal gjelde uavhengig av reisetid og reiselengde.					
		UFU skal jobbe for at barnepris på kollektivtransport i fylket skal gjelde til fylte 18 år.					
		UFU bør ta sikte på å korte ned grensa for SkuleSkyss.					

	UFU skal jobbe for at ungdomskortet gjelder både lokaltog og regionaltoget innanfor fylket.					
	UFU skal arbeide for gratis internett på kollektivtransport i fylket.					
	UFU skal arbeide for at det skal utformast ein ny skyss-app med alle funksjonane til dei noverande appane samla.					
	UFU skal jobbe for at ungdomskortet til skyss også skal gjelde under busstider med nattakst.					
<b>2. Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.</b>	UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående korleis avgangar er tilpassa skule-tidene og korleis korrespondansen mellom avgangar leggjast opp.					
	UFU kan samarbeide med ungdomsråd og fylkeskommunen om utbetring av kollektivtransportavgangar i fylket, med særskilt fokus på avgangar i distrikta, tilpassa skuletider og korrespondanse mellom avgangar, både innanfor same transporttype og på tvers.					
	UFU bør snakka med skyss om endring av busstider mellom Bergen og Voss med tanke på dagens situasjon der buss og tog går samstundes.					
	UFU skal jobbe for at nattbuss tilbodet i fylket skal både opprettast og oppretthaldas, særskilt i distrikta.					
	UFU skal samarbeide med ungdomsråd i fylket for å kartleggje behov for utbetring av kollektivtransport og spele dette inn til Samferdselsavdelinga.					
	UFU bør jobbe for at Skyss og NSB bør korrespondere betre enn det dei gjør i dag over heile Hordaland.					

	<b>Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.</b>	UFU skal be om ein orientering fra Samferdselsavdelinga angående trafikksikring for ungdom.						
		UFU skal halde seg orientert om sakar i Fylkestrafikksikringsutval i Hordaland og fremje sakar ved trong.						
Eigen organisasjon	<b>1. Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.</b>	UFU skal fremje eit nært samarbeid med dei ulike avdelingane og utvala i Hordaland fylkeskommune.						
		UFU skal sjå til at det er ein kontaktperson i utvalet til dei tre politiske utvala i HFK; Kultur- og ressurs, Opplæring- og helse og Samferdsel.						
		UFU skal førebu seg til alle møta og halde seg oppdatert om kva som er aktuelt for ungdom.						
		UFU skal sjå til at alle føler seg velkommen til utvalet og at alle har ein moglegheit til å fremje si mening.						
	<b>Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på sakar som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.</b>	UFU skal hjelpe med oppretting og oppfølging av ungdomsråd i dei kommunane som ikkje har dette.						
		UFU kan utarbeide og formidle ein brosjyre til hjelp i arbeidet i eit ungdomsråd/ungdommens kommunestyre.						
		UFU skal ta seg tid til å reise til kommunar utan ungdomsråd for å hjelpe til i oppstartfasen. Kommunane skal vere informerte om denne moglegheita.						
		UFU skal oppmode kommunar utan ungdomsråd til å ta del i årlige arrangement som UFT og nettverksamling.						

<p><b>Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkes-kommunalt og nasjonalt nivå. Gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom.</b></p>	<p>UFU skal arbeide aktivt, og helst saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan, for å fremje saka.</p>						
	<p>UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorgana.</p>						
	<p>UFU skal vere ein aktiv pådrivar innan Nasjonalt ungdomsråd.</p>						
	<p>UFU skal fremje meir politisk samarbeid mellom og innan i dei ulike medverknadsnivåa.</p>						
<p><b>Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.</b></p>	<p>UFU skal utarbeide ein betre heimeside med meir informasjon.</p>						
	<p>UFU skal leggje ut minimum ein sak kvar veke.</p>						
	<p>UFU skal utarbeide ein informasjonspakke for UFT som kan distribuerast på skular, arrangement, på fylkeshuset, kulturmønstringa, osv.</p>						
	<p>UFU skal ha minst fire sakar i media i løpet av 2014.</p>						
	<p>UFU skal presentere seg for politiske utval og avdelingar i HFK.</p>						
<p>UFU skal presentere seg og sakane til UFT på eit fylkesting og eit fylkesutval i løpet av 2014.</p>							



5. Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommu-nestyre er særst viktig.	UFU skal arrangere ei nettverkssamling årleg over to dagar for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der hovudfokuset er på samarbeid og dialog både på tvers av råda og opp mot UFU.					
	UFU skal ein gang i året arrangere ein dialogdag for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der dei presenterer seg for råda og forklarar kva UFU arbeider med.					
	UFU skal fremje godt samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre gjennom ein kontaktpersonordning.					